



Høgskulen i Volda

Postboks 500  
6101 Volda  
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:  
Jøplassvegen 11  
6103 Volda

postmottak@hivolda.no  
www.hivolda.no

Fleire etter liste

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar	Vår dato
	19/00771-1	Elisabeth Welle, Elisabeth.Welle@hivolda.no	14.06.2019

## Følgjebrev barnehagekonferansen 2019 KRYSSPRESS

Den årlege barnehagekonferansen i Møre og Romsdal vert arrangert på Scandic Parken i Ålesund 31. oktober og 1. november 2019. Konferansen er eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Utdanningsforbundet Møre og Romsdal. Målgruppe er pedagogisk personale i barnehagane, barnehageansvarlege på kommunenivået, tilsette i PPT og høgskuletilsette.

### Fagleg innhald

Ifølgje rammeplan for barnehagen er samfunnsmandatet å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal vi sjå i samanheng. Barnehagelæraren står i eit krysspress frå ulike kantar med motiv og ønskjer som ikkje alltid let seg foreine. Som barnehagelærer må ein difor flette trådar med omhu. Trådar i kryss, over og under kvarandre. Trådar mellom barn, barnehage, profesjon og fagområder.

Barnehagen skal ha ei heilheitleg tilnærming til læring, men frå omverda kan det vere forventningar om heilheitleg læring. Barnehagen arbeider prosessorientert utan læringsutbyttebeskrivingar. Læring skjer i prosessar der omsorg, leik og danning er integrert i kvarandre gjennom heile dagen.

Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon, vi skal i kollektive læreprosessar innovativt skape ny praksis som fører til endringar. Korleis skal barnehagelæraren i dette krysspresset ta vare på samfunnsmandatet i barnehagekvardagen?

### Påmelding

Bindande påmelding og tinging av overnatting skjer via Deltager.no. Du må betale konferanseavgifta på kr 1000,- med kort eller med vipps når du melder deg på. Konferanseavgifta dekkjer det faglege innhaldet.

Bruk denne lenkja til påmelding: <https://www.deltager.no/barnehagekonferansen2019> eller skanne inn denne QRL koden:



Frist for påmelding er **23.08.2019**, men påmeldinga vil bli lukka om konferansen er fullteikna før angitt dato. Vi har ikkje venteliste. Har du spørsmål om påmelding kan du ta kontakt med Høgskulen i Volda på e-post [wellee@hivolda.no](mailto:wellee@hivolda.no) eller [harnesh@hivolda.no](mailto:harnesh@hivolda.no) eller telefon 70 07 54 50/70 07 54 39.

### Stadfesting av påmelding

Når du har meldt deg på og klikka på avslutt, vil du motta ein e-post med opplysningar om påmeldinga di. Påmeldinga er bindande og konferanseavgifta blir ikkje refundert.

**Vilkår for deltaking**

Barnehagekonferansen er ein to-dagars konferanse og deltakarane må difor delta begge dagane. Det er ikkje høve til å dele ein plass.

**Atterhald om gjennomføring**

Det vert teke etterhald om gjennomføring av konferansen på grunnlag av påmelde innan påmeldingsfristen 23.08.2019.

**Oppgjær i samband med opphald**

Pris per person i enkeltrom m/heilpensjon (31.10.- 1.11) er kr. 2.070,-

Pris per person i dobbeltrom m/heilpensjon (31.10.-1.11) er kr. 1.970,-

Deltakarane må sjølve gjere opp hotellkostnadene direkte med det hotellet ein bur på.

**Dagpakke - konferansemiddag**

Dagpakke for ikkje-buande begge dagar er kr. 1.180,-

Pris på konferansemiddag for ikkje-buande er kr. 500,-

Kostnader for ikkje-buande, i samband med dagpakke/konferansemiddag, betaler deltakarane direkte til Scandic Parken.

Det vert ikkje er høve å få tilsendt faktura frå hotellet i etterkant, deltakarane må gjere opp ved avreise.

**Konferansemiddag**

Arrangørane inviterer også i år til felles 3-rettars konferansemiddag på Scandic Parken 31. oktober kl. 20.00. Middagen er inkludert i heilpensjon. Ikkje-buande som ønskjer å delta på middagen er hjarteleg velkomne. Dei betalar for middagen direkte til Scandic Parken. Middag bestiller ein ved påmelding.

**Opphald og overnatting**

Vi disponerer eit tal rom på Scandic Parken, Hotell 1904 (tidl. Scandic Scandinavie) og Thon Hotel Ålesund. Av erfaring veit vi at konferansen har stor deltaking, og vi gjer merksam på at ein ikkje er sikra rom på det hotellet ein primært ønskjer. Fordelinga av hotell skjer etter påmeldingstidspunkt. Dersom du skal dele rom med nokon må du opplyse i påmeldingsskjemaet kven du skal dele rom med. Informasjon om kva hotell ein skal bu på, vert publisert til deltakarane nokre dagar før konferansen startar.

Vi ser fram til konferansen og til å ønskje deg velkomen til Barnehagekonferansen 2019 **Krysspress**

Med helsing

Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning

Underskriver 1

tittel

Elisabeth Welle

Studieleiar

Dokumentet er elektronisk signert.